



Land og bruk

Nummer 5 - 2012

Desember 2012

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen - telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.c.endresen@fmro.no

Nyttig informasjon

Landbrukskonferansen 2013

Konferansen blir arrangert **5.-6. mars** på Quality Hotel Residence i Sandnes. Første dag blir det landbrukspolitisk konferanse og andre dag blir det fagsamling for landbruksforvaltninga.

Fint dersom politikarane i kommunane blir gjort merksame på datoene for landbrukspolitisk konferanse.

Fylkesmannen har fått ny nettstad

4. desember fekk fylkesmennene ny nettstad. Nettstaden blir kalla ein tenesteportal mellom anna fordi ein både kan finne informasjon og oppdateringar om relevante tema og faglege saker, og ein kan også finne nyheter. Utsjåande er endra i høve til tidlegare og vi vil tilrå at de tar ein titt innom.

Det meste av stoffet som landbruksavdelingan skriv vil bli lagt under Landbruk og mat. Her finn de mellom anna eit underpunkt som heiter Landbruksforvaltning. Her vil vi leggje informasjon som er særleg retta mot dykk som er tilsett i kommunal landbruksforvaltning. Nyhendebrevet Land og bruk finn de i høgremenyen.

Gi tilbakemelding dersom det noko de saknar på dei nye nettsidene.

NB – du må gå inn og registrere [nytt abonnement](#) på dei nye nettsidene dersom du ønsker e-post varsel når nye ting blir lagt ut.

www.fylkesmannen.no/Rogaland

Personalendringar

Permision

Trond Olav Fiskå – skal ha forlenga ”pappa-permisjon” til august 2013.

Arrangementskalender

29. januar

Tilskottssamling

Tema for samlinga blir mellom bruk av avkorting ved feilopplysningar.

Stad: Victoria hotell, Stavanger

Kontaktperson: Linn Borsheim

5.-6. mars

Landbrukskonferansen 2013

Stad: Quality Hotel Residence, Sandnes

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

8. mai

Dialogmøte med kommunal landbruksforvaltning

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

23. oktober

Dialogmøte med kommunal landbruksforvaltning

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

”Hvis vi ikke hadde noen vinter, ville ikke våren vært så deilig; hvis vi ikke av og til møtte motgang, ville gode tider ikke være så velkomne.”

Anne Bradstreet



Landbruksdirektørens hjørne



Kjære medarbeidarar i kommunane!

v/Anfinn Rosnes
ass.landbruksdirektør

Eg er utfordra til å skrive nokre ord frå leiinga i avdelinga. Nå er igjen tida for å tenke på året som har gått, og å sjå litt fram mot året som kjem. Eg kjenner på meg at tida går fort.

For eitt år sidan fekk vi den lenge etterlengta Stortingsmeldinga om landbruks- og matpolitikken, og etter det har vi fått ny landbruks- og matminister. Det var nok ein del som trudde at 2012 skulle vere året vi fekk kursendring i landbrukspolitikken, men eg har jobba så lenge i dette systemet at eg veit at det er eit stykke å gå frå fine ambisjonar i stortingemeldingar til faktisk handling. Samstundes er det viktig at alle vi i landbruksforvaltinga har som ambisjon at vi kjenne til den nye hovudmålstrukturen i landbruksmeldinga:

- Matsikkerheit
- Landbruk over heile landet
- Auka verdiskaping
- Berekraftig landbruk

Dette er ein målstruktur som går igjen i alle dokument på nasjonalt nivå, og det er også meir fokus på resultatmåling.

Rogaland er i ei særstilling på mange vis, også når det gjeld landbruk. Det er nyleg laga ein rapport frå NILF om verdiskaping i landbruksnæringa på primærleddet, og det viser at verdiskapinga er om lag dobbelt så stor som neste fylke på lista. Vi fekk også nyleg vite at det er bonden på Jæren som har hatt størst inntektsauke i 2011. Meir enn nokon gong er Rogaland det fremste landbruksfylket i landet, samstundes som vi er eit av det kraftigaste vekstområda i landet. Dette gir oss nokon utfordringar som få, om nokon, andre fylke har. Kampen for å bevare den gode matjorda klemt mellom sterke utbyggingsinteresser og tilsvarende sterke natur-, miljø- og kulturinteresser får stor merksemd. Kampen om arbeidskrafa, kor ungdom naturleg søker til langt betre betalte yrker utanom landbruket, er også ein tydelig trussel mot målet om aktivt landbruk i heile fylket. Strukturendringane er framleis tydelege, og utviklinga går fort.

Det meste av våre aktivitetar i 2012 har vore prega av å følgje opp embetsoppdraget vi har fått, samstundes som det alltid oppstår oppgåver og saker som vi ikkje kunne vite omfanget på førehand. Det har t.d. vore ein del krevjande saker i 2012 som følgje av nye forskrifter heimla i naturmangfaldlova. Døme her er "Forskrift om utsetting av utenlandske treslag" som tok til å gjelde frå 1. juli 2012, og høyringa av "Forskrift for kystlynghei som utvald naturtype".

Eg seier ofte at den viktigaste oppgåva i landbruksforvaltinga er å ha kontroll på pengeflyten. Større og meir kompliserte føretak i næringa og endringar i regelverk og forvaltingsrutinar, stiller store krav til kompetanse og kapasitet i kontrollarbeidet. Vi ønskjer her å vere eit kompetanseorgan for kommunaleddet, samstundes som kommunen må ha fokus på eigen kompetanse. Vi ser ein tendens til at kommunar kvar seg for å gå inn i risikobasert kontrollarbeid, både av kapasitets- og kompetanseomsyn. Når vi nå har passert 1 mrd i samla produksjonstilskot inkludert velferdsordningane i Rogaland, må dokke i kommunane meir enn før prioritere ressursar til tilstrekkeleg kontrollarbeid. Vi vil i tråd med nasjonale føringar ha auka fokus på kontrollarbeid, og vil i desse dagar plukke ut ein del kommunar for forvaltingskontroll i 2013.

Regionalt miljøprogram (RMP) er under relativt stor endring, og vi får ein del utfordringar med å tilpasse det eksisterande regionale og målretta menysystemet med det nye nasjonale systemet. Her vil det kome informasjon våren 2013 når dette har vore gjennom prosjekt- og styringsgruppe.

Ny grøfteordning blir ein del av SMIL i 2013, og her må vi saman gjere ein jobb slik at pengane blir brukt der behovet er størst. Det kjem eigne retningsliner om dette.

Ei viktig oppgåve som vi også står føre som følge av den aktuelle stortingsmeldinga, er at kvart fylke nå før året er omme skal lage eit Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU), og det skal her vere fokus på potensielle synergiar mellom dei ulike aktivitetar. I Rogaland har vi teke utgangspunkt i at vi allereie har ein vedteken strategisk plan for landbruk – Regionalplan for landbruk i Rogaland, og vi har hatt ein avklarande prosess med det aktuelle partnarskapet om at vi har gjort det som er nødvendig for i sy saman ein første versjon av RBU.

Når det gjeld utviklingsarbeid, vil eg særleg framheve det som nå skjer når det gjeld satsinga på auka produksjon av storfekjøt. Her er det tenkt eit prosjekt noko tilsvarende det nyleg avslutta og vellykka "saueprosjektet". Elles får vi håpe på at året 2013 gir oss eit løft når det gjeld satsinga på bioenergi, både når det gjeld biogass og flis. Elles har eg tru på at nyleg engasjert Tredrivar vil føre til meir bruk av lokalt trevirke til bygg og andre føremål, ei viktig satsing både av omsyn til verdiskaping og klima.

Avslutningsvis kom eg til å tenke på at alle bønder skal bli digitale i 2013, ved at det blir innført eit nytt saksbehandlingssystem (eStil). Dette vil føre til ein del rettleiingsoppgåver både hos oss og i kommunen, men her er ingen veg tilbake. Vi får håpe Trønderbonden Odin Jensenius har vore til inspirasjon.

Dette var nokre tankar no før me avsluttar også dette året, og det er heilt sikkert viktige tema eg ikkje har nemnt. Eg ser fram til eit vidare samarbeid om felles utfordringar også i 2013. Og til sist ønskje dykk alle ei fredfull julehøgtid med juletre frå Rogaland i stua, og takke for det gode samarbeidet!

Autorisasjonskurs

Ein ny sesong for gjennomføring av autorisasjonskurs står for døra.

I tidsrommet 01.09.2012-01.09.2013 er det i følgje autorisasjonsbasen 104 personar i Rogaland som må fornye autorisasjonsbeviset. Nokon kan falle frå på grunn av alder eller at dei ikkje har behov for autorisasjon lenger. Andre kan ha gløymt å fornye beviset i tidligare år. I tillegg kjem dei som tek kurset for aller første gang.

Kontaktperson: Wenche Knudsen



Foto: Sissel C. Endresen

Saueprosjektet er avslutta

Det treårige prosjektet "Auka produksjon i sauehaldet i Rogaland" er nå avslutta.

Prosjektet har vore eit samarbeid mellom sauenværinga, slakteribransjen og det offentlege. Kunnskap, ferdigheter og haldningar har vore sentralt i ei satsing som har lagt vekt på å vera motiverande.

Det har vore mange aktivitetar i form av møte, turar og arrangement, både gjennom fellestiltak og i regi av dei enkelte slakteria. For meir konkret informasjon om ulike mål, tiltak osv. i prosjektet viser vi til vedlagt sluttrapport.

Vi vil samstundes nemna at det prosjektplanar om utfordringar knytt til heiabiteiene og aktuelle sjukdomar.

- [Sluttrapporten finn du her](#) (PDF-fil)

Kontaktperson: Birger Aasland

Kommunevis arbeidsfordeling av saksbehandlinga for produksjons-tilskot og tilskot til avløysing ved ferie og fritid

Vi har no fordelt arbeidet med saksbehandling på fem saksbeandlerar. Desse skal svare på e-post, telefonar, følgje opp feillister, dispensasjonar, klagar m.m. for "sine" kommunar.

Denne ordninga blei innført i oktober 2012, og så langt har vi god erfaring med denne arbeidsfordelinga.

	Telefon	Kommunar
Linn	51 56 89 24	Bjerkreim, Time, Finnøy, Randaberg, Hjelmeland
Else *	51 56 89 77	Sola, Karmøy, Utsira
Geir Helge	51 56 89 83	Sandnes, Stavanger, Kvitsøy, Gjesdal, Rennesøy
Birger	51 56 89 87	Klepp, Tysvær, Bokn, Haugesund
Ragnhild	51 56 89 81	Eigersund, Sokndal, Lund, Hå, Forsand, Strand, Suldal, Sauda, Vindafjord

*Else er tilgjengeleg mandag, onsdag og fredag

Dersom den saksbehandlaren som har "din" kommune ikkje er til stades, kan de ta kontakt med ein av dei andre.

E-postar skal **ikkje** sendast til den einskilde saksbeandlerar, men til ein felles e-postadresse for direktetilskot. Då er det lett for andre å svare på spørsmål m.m. dersom nokon ikkje er til stades.

- direktetilskot@fmro.no



Foto: Sissel C. Endresen

Auka beløpsgrense for prisvurdering ved konsesjon

I eit nytt rundskriv blir den nedre beløpsgrensa for prisvurdering av utbygde konsesjonspliktige landbrukseigedomar heva frå 1,5 millionar kr til 2,5 millionar kr.

Målet er auka omsetning av landbrukseigedomar og styrking av busetjinga i distrikta. Landbruks- og matdepartementet fastset i rundskriv M-2/2012 ei endring av rundskriv M-1/2010. Beløpsgrensa gjeld, som tidligare, eigedomar med bustad som har ein brukbar standard og der kjøpar kan tilflytte eigedomen. Rundskrivet trer i kraft straks.

- [Les meir om rundskrivet på Landbruks- og matdepartementet sine nettsider](#)
- [Lenkje til Rundskriv M-2/2012](#)

Kontaktperson: Iris-Adele Berg Jess

Endringar i rundskriv om konsesjon og buplikt M-2/2009

Rundskrivet presiserer korleis konsesjonssaker som gjeld "bebygd eiendom som er eller har vært brukt som helårsbolig" skal vurderast.

Saker om konsesjons- og buplikt etter konsesjonslova § 7 vil få no av bli avgjort ved ei konkret vurdering av om eigedomen faktisk er i bruk eller har vore i bruk som heilårsbustad. Om nokon har vore registrert busett på eigedomen vil no berre vere eit moment i konsesjonmyndigheitene sin heilskapsvurdering.

Når det gjeld omgrepene "bebygd eiendom" i konsesjonslova § 5 andre ledd, er det presisert i rundskrivet at ein eigedom må sjåast på som "ubebygd" dersom bygningen er ubrukeleg på grunn av alder eller forfall.

Bakgrunnen for oppdateringa av rundskrivet er mellom anna spørsmål frå Sivilombudsmannen knytt til kva innverknad bustadregistreringar har i saker om konsesjon og buplikt, og ein rettskraftig dom avsagt av Senja tingrett 11. juli 2012 knytt til omgrepet "bebygd eiendom".

- [Brev frå Landbruks- og matdepartementet av 27.11.2012 som omtaler endringa](#) (PDF-fil)
- [Oppdatert rundskriv M-2/2009](#) (PDF-fil)

Kontaktperson: Iris-Adele Berg Jess

Stor verdiskaping frå landbruket i Rogaland

Samla verdiskaping frå landbruket i Rogaland i 2010 er berekna til kr 2,17 milliardar, og samla arbeidsinnsats i primærnæringa var på 6872 årsverk.

Dette kjem fram i eit nytt notat frå Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forsking. Notatet har tittelen «Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer i Rogaland». I notatet går det fram at den totale verdiskapinga i jordbruket var på kr 1,8 milliardar. Av dette kjem 57 % frå Jærkommunane Sandnes, Hå, Klepp, Time, Sola, Randaberg og Stavanger. Dei tyngste landbrukskommunane er Hå, Klepp og Time med høvesvis kr 319,2 millionar, kr 255,3 millionar og kr 154,8 millionar. Sysselsetjinga i jordbruket var på 6 503 årsverk.

NILF har gjennomført verdiskningsberekingane for Rogaland basert på data frå 2010.

- [Last ned heile NILF-notat](#) (PDF-fil 3,53 MB)

Kontaktperson: Aart Magnussen




Foto: Sissel C. Endresen



Dialogmøte 24. oktober

Fylkesmannen inviterte tilsette i kommunal landbruksforvaltning til dialogmøte onsdag 24. oktober. Presentasjonane frå møtet er no tilgjengelege.

Her finn du presentasjonane frå møtet:

- [Statsbudsjettet](#) ved Hadle Nevøy
- [Rutinar for søknad om planting av utanlandske treslag](#) ved Anders Braa
- Krav til innhold i dispensasjonsvedtak etter plan- og bygningsloven og kommunal oppfølging av vilkår knytt til dispensasjon frå LNF føremålet ved Robijne Verstegen
 - [Dette legg fylkesmannen vekt på ved dispensasjon frå LNF](#), Verstegen
 - [Dispensasjonsvedtak etter plan- og bygningslova](#), Verstegen
 - [Settefylkesmannen sine vedtak, dispensasjonssak i LNF område](#), Verstegen
- [Arbeidet med Regionalt bygdeutviklingsprogram](#) ved Sissel Endresen
- [Forsterka kontroll 2011 - oppfølging av "skogplanterbrevet"](#) ved Stein Bomo
- [Nydyrkning, grøfting og oppgjødsling av utmark](#) ved Nono Dimby

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen

Jordsmonnkartlegging i Rogaland

Kunnskap om jordsmonn er viktig for å utnytte produksjonspotensialet maksimalt og er eit avgjerande verktøy for å kunne sikre og unngå nedbygging av uerstatteleg matjord.

Ny kartlegging og betre bruk av den kartlegginga vi har, er avgjerande kunnskap for å nå dei to viktigaste nasjonale måla for norsk landbruk:

- Auka matproduksjon
- Jordvern

Etter initiativ frå Landbruksavdelinga i 2008 fekk vi gjennomslag for at Skog og Landskap skulle prioritere Rogaland for jordsmonnkartlegging.

Kvar år sidan våren 2009 har 11-12000 dekar blitt kartlagd på Jæren. 2012 vart ei særskilt godt år då heile 19500 dekar vart kartlagd. Dette utgjer 50 % av den årlege nasjonale kartlegginga til Skog og Landskap.

Skog Landskap har avgrensa budsjett nasjonalt til årleg kartlegging, totalt 40 km². Dette gir eit langt lågare tempo på kartlegginga enn det Noreg har behov for. Men det er positivt at Rogaland blir prioritert høgt innan den årlege nasjonale "kvoten" for kartlegging.

Kartlegginga i 2012 fullførte Klepp kommune og starta opp i Time kommune. Våren 2013 vil Time bli fullført og kartlegging starta opp i Hå kommune. Etter dette må vi sjå på vidare prioritering av andre kommunar i fylket. Landbruksavdelinga ønsker innspel frå kommunane på dette.

Jordsmonnet sine eigenskapar er saman med klima avgjerande for dyrkingspotensialet, følsemd for erosjon og utvasking av næringsstoff og plantevernmiddel.

Betre agronomi, auka matproduksjon, rett vekst på rett stad (jord), jordvern og eit berekraftig landbruk som tilfredstiller miljøkrav, er viktige nasjonale og lokale mål.

Kunnskap om jordsmonn er avgjerande får å nå alle desse måla.

Relevante lenkjer:

- [Stor etterspørsel etter jordsmonnkart](#)
- [Kunnskap om jordsmonn – jordvern og byutvikling i Sandnes](#)

Kontaktperson: Dagfinn Hatløy

Prioriteringar i Handlingsprogrammet 2012-2013

Fylkestinget har vedtatt eit felles handlingsprogram for Regionalplan for næringsutvikling, Regionalplan for landbruk og delar av Regionalplan for energi og klima.

Det gjeldande handlingsprogrammet er utarbeidd for 2012-2013. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, og denne rulleringa skal skje i dialog med partnarskapet. Prosessen med rulling startar opp i mars 2013 og blir lagt fram for politisk behandling i september 2013.

Handlingsprogrammet har fem satsingsområde:

- Innovasjon og innovasjonsstruktur
- Rekruttering og kompetanse
- Internasjonalisering
- Naturressursar
- Infrastruktur

I kapittel 6.2 i handlingsprogrammet går det fram kva som er føringer for dei landbruksretta midlane.

- [Handlingsprogrammet 2012-2013](#) (PDF-fil)

Ny sentralbordordning hos Fylkesmannen

Ringer du til Fylkesmannen i Rogaland kjem du til Engerdal i Hedmark.

Sentralbordtenestene for fylkesmennene er flytta til Statens Servicesenter i Engerdal. Vi vil tilrå at de i størst mogleg grad nyttar direktenummer når de veit kven de skal ha tak i.

Oppdatert telefonliste for tilsette i landbruksavdelinga finn de her:

- [Telefonliste](#) (PDF-fil)

Kontaktperson: Sissel C. Endresen



Vi ønskjer alle ei
fredfyllt jul og eit
godt nytår

Foto: Nono Dimby